



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Svein Kornerud, 5557 2027

Fråsegn til høyringa - Revisjon av statlege planretningslinjer for strandsona

Vi viser til høyringsforslaget til revidert statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona. Fylkesmannen takkar for oversendinga og har følgjande merknader og råd til slutføringa av arbeidet med retningslinene.

Soneinndeling

Vestland fylke er delt i sone to og tre etter retningslinene. Vi har tidlegare stilt spørsmål ved at kommunane i Sunnhordland, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes, blir plasserte i sone tre, då det tidlegare var knytt til eit prøveprosjekt for Sunnhordland. Vi viser til vårt brev av 20.06.2019 om det, og våre merknader som bl.a.:

«Vi kan ikkje sjå at premissane for å vurdere pilot-/prøveprosjektet ligg føre. Det er avslutta utan plan og utan dei føresetnadene som kommunane sjølve sette for prosjektet, er gjennomført. Det ligg ikkje føre grunnlag for å prøve ut forvaltninga av strandsona i Sunnhordland. Slik som pilot-/prøveprosjektet har vore, det vi har erfart av planarbeidet og slik det no er avslutta, talar det ikkje for at kommunane skal plasserast i sone tre framover.

Sunnhordland har det største utbyggingspresset i Hordaland utover Bergen og nærområdet til Bergen. I Sunnhordland er det særleg tiltak for fritidsbustad som gir byggepress. Mange av kommunane i Sunnhordland har eit stort tal fritidsbustader og særleg i strandsona. Det gjer stort press på strandsona for privat fritidsformål.»

Vi viser elles til brevet om dette og ber departementet vurdere på nytt om soneinndelinga for Sunnhordland er riktig etter den naturlege plasseringa ut frå aktivitetsnivå og byggepress og bakgrunnen for tidlegare plassering i sone tre som ein del av prøveprosjektet.

Vi legg ved vårt brev av 20.06.2019.

Fylkesmannen er elles positiv til at kommunane sjølve er oppmoda om å vurdere om eiga soneplassering er rett, jamført med føremålet med den differensierte strandsoneforvaltninga. Samanslåing av mange kystkommunar gjer dette særleg aktuelt. Generelt vil Fylkesmannen her rå



frå løysingar som kan opplevast som ulik i rettstilstand mellom innbyggjarane i ein og same kommune, eller mellom kommunar med stort- og relativt likt utbyggingspress.

Innhaldet i retningslinene

Vi er positive til at retningslinene er forenkla. Vi er også positive til at sentrale tema er tatt inn samla før handsaming av dei einskilde sonene.

Planlegging

Vi stør at retningslina har fokus på planlegging i strandsona og at det er fleire referansar knytt til dette. Vi legg også til grunn at ein strengt tatt ikkje treng å gå nærare inn i vilkåra for reguleringsplan, då det følgjer av forståinga av plan- og bygningslova (pbl.) § 12-1. Då planretningslina nettopp er ei retningsline, kan også bruken av «bør» forsvarast ut frå det.

Vi finn det riktig at oppdatering av tidlegare planar har fått eit eige punkt og dermed det er framheva. Det er framleis eit viktig punkt som ein må halde på. Vi ber om at departementet vurderer å endre «bør» til «skal» i andre avsnitt.

Retningslinene kan også vere meir tydelege på at i pressområda i sone 2 må ein ta vare på moglegheiter for friluftsliv og unngå dispensasjonar. Her er det viktig å følgje planane.

For byer og tettstader kan det også takast inn at ein skal legge til rette for det nære friluftslivet knytt til strandsona. Det er viktig å ha fokus på dette i planlegginga framover, når det òg skal leggjast til rette for fortetting i byer og tettstader som ligg til sjøen.

Fastsetting av eigen byggegrense til sjø

Det er viktig at det vert presisert at fastsetjing av annan byggegrense enn kva lova legg til grunn må skje gjennom kartlegging av dei konkrete strandsoneverdiene. Det er spørsmål om det er tilstrekkeleg med eit «bør» her, då plikta til utgreiing og til å vise verknaden av planar taler for eit «skal», sjølv om dette er ei retningsline.

Det er positivt at det kjem klårare fram at byggegrensa òg kan fastsettast lenger bort frå sjøen enn 100 meter. Det er spørsmål om ein treng å knytte det til bruk av funksjonell strandsone. Dersom ein gjer det, ser vi ikkje grunnlag for at det berre skal nyttast slik i ubygde område. T.d. treng ikkje funksjonell strandsone ta omsyn til bygga i området, sjølv om eksisterande bygg i visse høve kan ha verknad for kvar byggegrensa i praksis vert trekt.

Motsegn

Om motsegn seier utkastet m.a.:

«Statlige og regionale myndigheter kan fremme innsigelse dersom planforslag er i strid med nasjonale og vesentlige regionale interesser. Statlige og regionale myndigheter skal legge stor vekt på det lokale selvstyret i vurderingen av om det skal fremmes innsigelse.»

Det ligg etter Fylkesmannen i Vestland sitt syn ein viss motstrid i desse to setningane. Vi meiner det er særskilt viktig at det ikkje oppstår tvil på dette punktet. Der det gjeld nasjonale interesser, som særskilt i strandsona, går ivaretaking av desse interessene føre det lokale sjølvstyret. Dette er som kjent presisert i mange dokument, også i den seinare tid, sjå t.d. dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023, prop. 149 L (2015-2016) s. 55 og rundskriv H-2/14 av 17. februar 2014 om retningslinjer for motsegn i plansaker etter plan- og bygningsloven, pkt. 2.1.3 om «Innsigelsesmyndighetenes roller».



Statsråd Nikolai Astrup, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, presiserte og gjentatte ganger på strandsoneseminarer den 23.09.2020 at det er meningen at kommunane skal styre meir i lokale saker som ikkje går ut over nasjonale og vesentlege regionale forhold. Han presiserte vidare at strandsonevernet er av nasjonal interesse, at det skal stå sterkt og at lokale interesser ikkje skal setje desse interessene til side. Dette samsvarer også med det som elles kjem til uttrykk i dei dokumenta som vi har vist til ovanfor.

Fylkesmannen i Vestland har over lang tid registrert at ein del kommunar legg til grunn ei lovforståing som tilseier at statlege styresmakter skal leggje større vekt på det lokale sjølvstyret, også i saker der desse styresmaktene sjølve meiner at statlege omsyn klårt vert råka. På denne bakgrunnen vil Fylkesmannen rå frå å formulere dette slik som det kjem til uttrykk ovanfor i forslaget til planretningsline for strandsona.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Klima- og
miljødepartementet
Miljødirektoratet

Postboks 7900
Postboks 8013 Dep

Postboks 5672
Torgarden

5020 BERGEN
0030 OSLO

7485 TRONDHEIM